



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 30.11.2022 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Desse møtte: Ingmund Eliassen, Janita Kurseth Eikemo, Magnar Vigstad, Ellen Brautaset Vatne, Bergljot Hortdal, Knut Farstad, Anita Øvergård.

Sak 54/22 Referat frå møte 19.10.2022
Godkjent uten merknader

Sak 55/22 Val av leiar 2023
Vi held fram som tidligere – det fungerer veldig bra for alle. Magnar tar eit år til.

Sak 56/22 Soknemøtet 23.10.2022
Dette gjekk veldig bra. Magnar, Ellen og Janita gjennomførte møtet, og heilt greitt oppmøte.
Sak til neste soknemøte: Høyring om alternativt slå saman sokneråda på Ikornnes og i Sykkylven.

Sak 57/22 Eldremiddag 30.10.2022 Sykkylven kyrkje
Vi serverte middag til 104 gjester. Fint program og god mat. Frå oss møtte Magnar, Ingmund, Ellen, Anita, Nora og Janita.

Sak 58/22 Gudsteneste julaftan på Ikornnes – ei eller to?
Vi har fått spørsmål frå kantor Rose om dette. Vi ønsker at det skal vere to, men forstår at det er problem med å skaffe vikar til denne dagen. Magnar vil snakke med Erlend om det er mulig at han kan ta gudstenesta kl 16.

Sak 59/22 Juletefest 5. juledag
Rose og Kathrin ordner kor og opplegg, men må ha hjelp til det praktiske.
Vi har avtalt planleggingsmøte (Ellen & Anita) med dei onsdag 7. des kl 17.

Sak 60/22 Val 2023
Neste år er det val igjen. Vi oppmoder alle til å foreslå mulige kandidatar frå heile soknet. Fleire av medlemmane gir beskjed om at dei ikkje stiller til attval, og vi må ha 10 namn på lista. Navneliste blir sendt ut internt og så fordeler vi kven som skal kontakte den enkelte.
Vi har også eit råd til neste sokneråd: prøv å få med vara frå starten slik at dei også blir inkludert i arbeidsoppgåvene.

Therese Utgård har sendt oss oppmoding om å foreslå kandidater til Åpen Folkekirke, vi har diskutert dette og er enige om at vi har nok utfordring med å skaffe aktuelle kandidater til vårt eige sokneråd.

Sak 61/22 Antal gudstenester for 2023

Simen har sendt to alternative forslag, men vi stemmer for å behalde opplegget vi har no: 2 i Sykkylven Kyrkje og ei på Ikornnes. Vi ønsker ikkje samtidige gudstenester.

Sak 62/22 Digitale gudstenester

Knut har bedt om å få sleppe så mykje som mulig av det tekniske/digitale under ei gudsteneste. Ønsker at besøkande kan bruke salmeboka og slå opp i denne, og kanskje det heller ikkje er nødvendig med å ha teksten til tekstlesaren oppe på storskjerm. Dette ønsker Knut så han heller kan få konsentrert seg om dagens preike og gjere det beste ut av denne. Vi prøver å få leita opp igjen tala for salmenummer som var her opprinnelig og få ordna et system for dette.

Sak 63/22 Status for prosjekt Minnelund i Sykkylven

Det har vore litt fram og tilbake her, og litt uheldig start... Det siste no er at det må skaffast en ekstern prosjektleiar for å få til en «rett prosess». Det er sett av pengar politisk, så det økonomiske skal vere i ordren.

Sak 64/22 Kyrkjedagane 2023, 3. – 5. mars

Vi har Sveinung Utgård på saka med å skaffe underhaldning til fredagskvelden. Vi må ha eit møte straks over nyttår for å gjere klart for loddbøker og andre praktiske oppgåver.

Neste møte: Onsdag 4. januar kl 20.

Referent
Anita